



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato:** 16. oktober 2015  
**Stad:** Meland kommunehus – møterom 1  
**Kl.:** 08.30 – 11.00  
**Tilstade:** Marie Morken (leiar), Asbjørn Larsen, Beate Eknes og Helge Nygård (vara for Jarle Vikebø)  
**Innkalla:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordførar Nils Marton Aadland  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Jarle Vikebø og Øystein Blom

.....

### 23/15 Selskapskontroll MAKS AS

Sakstiltfang: Eigarskapskontroll MAKS AS 2015

Revisjonen presenterte selskapskontrollen i møte.

Problemstillingane som vart lagt til grunn var:

- *I kva grad har Meland kommune etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i MAKS AS?*
- *Korleis er økonomien i MAKS AS sett frå eit eigarperspektiv?*
- *Vert kommunen sine eigarinteresser utøvd i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og i tråd med krav i lovverket?*

Revisjonen har gjort funn at det i liten grad er etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i MAKS AS. Det vert blant anna peikt på at kommunikasjonen mellom ordføraren og formannskapet ikkje er formalisert og det manglar rutinar som sikrar at styremedlemmar og relevante folkevalde har tilstrekkeleg kompetanse om eigarskapsforvaltninga. Det har vore ein positivt økonomisk utvikling i selskapet dei siste åra, og revisjonen meiner at selskapet har ein tilfredsstillande økonomisk drift utifrå selskapet sitt føremål og marknaden selskapet driv i.

Revisjonen tilrår Meland kommune:

- *å setja kommunalt eigarskap på dagsorden, og leggja til rette for god eigarstyring i selskap kommunen eig eller er deleigar i.*

Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisjonen, rådmann og ordførar.

### **Samrøystes vedtak:**


Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

### **Forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.  
Kommunestyret ber om at rådmannen kjem med tilbakemelding til kommunestyret på første møte i kommunestyret i 2016 om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

Frekhaug, 16. oktober 2015

  
Marie Morken/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær